

Slinningsbua

Fredingsdokumentasjon



Innleiing og bakgrunn



Sjøhuset Slinningsbua har lengje vore vurdert som eit viktig kulturminne regionalt.

I 2012 varsla Riksantikvaren oppstart av fredingssak av sjøhuset.

Sjøhuset har sidan da vore under istandsetjing.

Hausten 2025 varsla Riksantikvaren på nytt oppstart av fredingssaka, men no med eit revidert omfang der fredingsomfanget strekkjer seg lengre ut i sjøen. Formålet med å utvida fredingsomfanget er å gi tilstrekkeleg vern av opplevinga av Slinningsbua i landskapet.

Slinningsbua er eit sjøhus med mange særeigne og karakteristiske kvalitetar. Tidlegare fanst det svært mange sjøhus langs kysten, men i dag er mange anten rive eller gått av bruk. Det er behov for å ta vare på dei sjøhusa me har bevart fordi dei er ein ressurs og viktig verdi langs kysten vår.



Plassering på øya Hessa



Slinningsbuas plassering ytst på spissen av øya gjer at sjøhuset får ei så markant plassering.

Øya Hessa er ei øy med historie tilbake til jernalderen. Namnet Slinningen kjem frå ein stor gard som heitte Slinningen, som første gong vart nemnd i skattemanntalet i 1603, og kvar ifrå fleire mindre gardar etter kvart har vorte skild ut frå.

Slinningsbua ligg på Slinningsodden aust på øya Hessa, som er ei av dei fire øyane som Ålesund ligg på. Frå Slinningsodden kan ein sjå rett over Aspevågen til Ålesund by.

Plassering ut mot kystleia



Slinningsbua ligg ytst på Slinningen på øya Hessa. Øya Hessa er ein av fleire øyar utanfor Ålesund.

Plasseringa til Slinningsbua ytst på ein odde gir ei sentral geografisk plassering i forhold til kystleia.

Slinningsbua og Ålesund by



Slinningsbuas plassering ytst på øya Hessa og rett overfor Ålesund by har mykje å seia for sjøhusets historie.

Ålesund ligg på Vestlandet og voks i utgangspunktet fram som eit lite fiskevêr ved sundet mellom Aspøya og Nørvøya. Plasseringa ved innløpet til fjordane på Sunnmøre og vernet som Brosundet gav, gjorde staden ideelt for både fiske og handel. Dette forma byen sosialt, økonomisk og geografisk. Sjølv om området hadde busetjing lenge før byen vart etablert, byrja utviklinga mot ein handelsstad først for alvor på 1700-talet. Fisket og den veksande fiskerinæringa la grunnlaget for både busetjing og handelsverksemd heilt frå starten av. Etter kvart slo handelsmenn seg ned i området, og handelen vart stadig meir knytt til fiskeria. På 1800-talet gjorde denne næringsaktiviteten Ålesund til ein økonomisk viktig stad, og i 1848 fekk byen sin offisielle bystatus. Mot slutten av hundreåret heldt veksten fram, særleg driven av den sterke fiskerinæringa. Ålesund har lenge vore ein av Noregs viktigaste fiskeribyar.

Den mest dramatiske hendinga i Ålesunds historie kom i 1904, då ein stor brann la rundt 850 hus i ruinar og gjorde meir enn 10 000 menneske heimlause. Byen vart raskt bygd opp igjen, denne gongen i mur og i ein særeigen jugendstil som framleis pregar sentrum og har gjort Ålesund kjent langt utover Noregs grenser.

Sidan den gongen har Ålesund utvikla seg til ein levande kystby med solid forankring i fiskeri, handel og kultur – ein by kjent for den unike arkitekturen sin, vakre plassering og rike historie.

Fiskeriet og fiskerinæring



Fiskeriet har hatt svært mykje å seia for Ålesund. Framveksten av det moderne fiskeriet i siste del av 1800-talet og første del av 1900-talet sette sitt preg på og forma både byen og omlandet rundt. Fiske, og særleg vårfiske etter torsk i Borgundfjorden, som var vesentleg for den faste busetjinga i området. Det var særleg rik tilgang på torsk, både skrei på vandring frå Barentshavet eller stasjonær kyst- og fjordtorsk. Vårtorskefisket starta gjerne i februar og gjekk føre seg nokre veker då gyteferdig kysttorsk og skrei kom inn i fjorden frå farvatnet utanfor Møre, men også frå havområde langt unna, som Spitsbergen og Barentshavet. Like aust for Slinningsodden låg fiskeplassen «Grynnå», ein fiskeplass som var ein av dei beste i området. Dette var rett nok sesongbaserte fiskeri, men sidan det var så rikt fiske og gode forhold sørge dette fisket for rikeleg tilgong på mat, svært gode eksportmoglegheiter, og la grunnlag for ein ekspanderande handel i perioden.

Ålesunds rike historie innan fiskeri er ein viktig del av byens identitet som er grunnlagt basert på fiskeri og handel. Frå tørrfisk til klippfisk og vidare til dagens moderne fiskerinæring har havet alltid vore ressursgrunnlaget for vekst i regionen.

Fredinga av sjøhuset, Slinningsbua, bidreg til å synleggjera betydninga og utviklinga av fiskeriet. Sjøhuset vart bygd som pakkehus i samband med mottak og vidaresal av fisk, men vart også brukt som klippfisktørkeri, sildemottak og pakkeri, og seinare både oljetankanlegg og dessutan til sal og produksjon av fiskeutstyr.

I dag er Slinningsbua brukt som lagar og inneheld mange historiske spor og gjenstandar som fortel om dei tidlegare verksemdene tilknytte fiskeria.

Slinningsbua og sjøhus som bygningstype



Slinningsbua er eit typisk sjøhus som vart oppført i samband med moderniseringa av fiskeria, ein bygningstype som det tidlegare var mange av langs kysten, men som ofte er gått av bruk. Derfor er det få igjen av bygningstypen.

Sjøhus kan forståast breitt som ein bygningstype liggjande ved sjøen men som kan ha ulike funksjonar. Det kan vera ulike typar og storleikar sjøhus, til dømes naust, sjøbuer, nothus og rorbuer. Desse kan ha ulike og spesifikke funksjonar. Mange av desse bygningane er tradisjonelle sjøhus.

Under og parallelt med moderniseringa av fiskeria langs kysten på 1800-talet og første halvdel av 1900-talet vart det reist mange nye bygningar med spesifikke funksjonar knytte til bearbeiding, konservering og lagring av fisk. Desse nye sjøhusa var ofte langt større, var oppførte i fleire etasjar og hadde vindehus. Dei hadde gjerne også fleire funksjonar knytte til fiskeriverksemda i ein og same bygning.

Slinningsbua er eit døme på eit stort sjøhus som fortel om moderniseringa av fiskeria. Slinningsbua er eit stort og fleksibelt sjøhus. Sjølv om bruken heile tida har vore knytt til fiskeria, har det vore fleire former for ulik type bruk her. Slinningsbua er eit typisk sjøhus som det vart oppført mange av i same periode. Det vart bygd med tanke på fleire funksjonar, men retta mot foredling og pakking av fisk for vidare sal og eksport i større skala.

I dag har industrialiseringa av fiskeria medført at mange står tomme og har gått av bruk, men tidlegare var det stor aktivitet i og knytte til sjøhusa. Fiskeria slik dei går i dag føre seg krev andre lokale og strukturar enn sjøhusa tilbyr, men dei representerer likevel ein viktig ressurs som det er viktig å ta vare på.

Slinningsbua – bygningsbeskriving



Slinningsbua er eit stort, kvitmåla sjøhus i sju etasjar med bratt saltak tekt med takstein av skifer. Tre av etasjane er innanfor saltaket medan fire etasjar er fulle etasjar. Bygningen er 16 meter langt, 16 meter breitt og høgda er 19,5 i mønehøgda.

Sjøhuset er oppført i reisverk og kledd med liggjande perlestaffpanel utvendig. Det er ein enkelt trebygning. Det ligg med gavlen mot sjøen, og har vindehus i gavlen. Totalt har det vore fire utvendige heisar i bygningen. Ein heis gjekk frå loft etasje på vestveggen og til bakkeplan. Denne heisen vart fjerna på 60 - talet når det i staden vart etablert transportband mellom bua og tilbygget i 2 etasje. Det er berre vindedørene som viser at det her tidlegare har vore ein heis.

På austveggen er det tre heiser plassert ved kvar si vindedør. Desse betente alle etasjar og vart til dømes brukte til å frakta klippfisk ned til bakkeplan for å tørka denne ute når vêret tillét det, eller frakta fisk inn for å bli lagt på tønner. Heisane var plasserte litt på sida av dørene for å ikkje risikera at arbeidsfolka skulle risikera bli treft av last under arbeidet og medan ein passerte inn og ut av dørene. Desse tre heisane er framleis monterte og har funksjonelle heisemotorar. Det var også ein fjerde bomheis på austveggen, denne er i dag demontert men skal rehabiliterast og setjast opp igjen.

Taket har også to arker/takopplett, ein på kvar side av saltaket. Dei to arka/takopplettane er utforma som takopplett i to høgder. Kvar høgda har fire vindauge. Takopplettane slik dei er utforma i dag er endra og utvida enn slik dei var opphavleg. Dette arbeidet vart gjort i 2018, og var eit tiltak som vart gjort i dialog med fylkeskommunen og Riksantikvaren.

Opphavleg var bygningen uisolert, men i samband med istandsetjing har to av veggane vorte isolerte med asfaltapp. Det er også eit ope trappeløp gjennom etasjane, og enkle tregolv i kvar etasje liggjande på bjelkar.

Det er rikeleg med vindauge i bygningen. Dei originale vindauga er enkle med 3 ruter i kvart fag. Det er fire vindauge i kvar etasje på kvar side, både på langsiden og gavlveggen. Bygningen har mange vindauge, og mange i dag er plukka ut og står lagra i bygningen. Dei originale vindauga skal restaurerast og tilbakeførast. Plater med påmåla vindauge er mellombels monterte opp.

Det er fleire dører i bygningen på alle sidene. Dørene har gjennom åra endra funksjon. Nokre av dørene er i dag gjenspikra, ei dør har fått endra høgda, men elles er dørene like slik dei var.

Kulturmiljøet – Beskriving av sjøhusanlegget



Slinningsbua ligg ytst på spissen av Slinningsodden. På baksida av sjølve sjøhuset ligg ein lågare trebygning i ein etasje som vart oppført på 1950-talet og som tidlegare var samankopla med sjøhuset. Dette huset har saltak med bølgeblekk, og er kledd med liggjande panel og opningar med skyvedører. Tidlegare, på 1960-talet, gjekk det transportband som frakta sild frå sjøbua og inn i den låge bygningen der sild vart pakka i kasser. I dag er transportbandet fjerna og det er ein smal opning / gjennomgang mellom bygningane.

På høgda, eller knausen, bak sjøhuset ligg eit bustadhus som vart oppført i 1916, same år som sjøhuset. Dette bustadhuset vart bygd som, og var, bustad for styrar og arbeidarar på anlegget. Bustaden blir i dag brukt som lagar og ber preg av manglande vedlikehald. Bak bustadhuset, på framsida i hagen, står det ei minnestøtte etter Claus Nilsen, ein tidlegare drivar og eigar av Slinningen gard, som også var ein viktig handelsmann. Minnestatuen vart reist i 1844 og var mellom anna knytt til betydninga hans med å gjeninnføra bruken av torskegarn rundt 1685, etter at bruken av garn i ein lengre periode hadde vore forbode. Minnesteinen stod opphavleg nede mot sjøen men då sjøhuset og kaien vart etablert vart også minnesmerket teke ned og flytta opp til bustadhuset.

På nordsida ligg ei mindre bu i betong vart nytta til oppbevaring av bunkerolje. Byggjeår er 1957, men eit bygg på same stad er avmerkt på kart frå 1929. Denne har store setningsskadar frå nyare tid.

Sjøhuset har ei kai rett utanfor seg. Fram til 1984 var det ikkje kai mot sjøen. Denne vart bygd for å kunna ta imot dei stadig større båtane som vart bygde. Rundt sjøhuset ligg det eit større kaiområde med dekkje av betong. Kaiområdet blir ikkje i dag brukt til anna enn vinterlagring av båtar og delvis som parkeringsplass.

Slinningsbua historie

Slinningsbuas bruk og funksjon har endra seg gjennom åra.

Eigedommen «Slinningsneset» vart kjøpt av Anton Larsen i 1915. I 1916 vart sjøhuset Slinningsbua oppført. I starten gjekk sjøhuset under namnet «Larsenbua».

Anton Larsen var fiskar, båtbyggjar og forretningsmann. Han etablerte selskapet «Anton R Larsen» som dreiv fiskeriverksemd med utgangspunkt i sjøhuset.

I starten var det særleg eksport av isa og salta fisk, særleg sild, som var hovudverksemda. I tillegg til mottak, pakking og sal av fisk dreiv han også omsetning av levande fisk i tillegg til eksport av hummar, ål og laks. Anton Larsen dreiv forretningsverksemd åleine, men også saman med brørne sine som eigde nærliggjande verksemdar og eigedommar.

Brørne dreiv også ein såpefabrikk og reiarlagsverksemd, og sjøhuset vart i denne samanheng brukt til lager for utstyr.

Sjøhuset hadde klippfisktørkeri heilt frå starten. Det var tørkeri i femte etasje. Her vart det tørket fisk med naturleg lufting under takutstikket på begge sider av bygget. Tørkeriet var avhengig av at det var tørt og luftig, og sjøhuset var bygd med lufting på den måten at kledningen ikkje gjekk heilt opp til taket, nokre centimeter øvst under taket stod utan kledning.

Sjøhuset på Slinningsodden hadde også ei strategisk plassering for aktivitetar under 2. verdskrig. Då var det ein tysk kontrollpost for både fly og skip her.

Moderniseringa av klippfiskproduksjonen medførte at det etter kvart vart installert elektrisk klippfisktørkeri i Slinningsbua. Sjøhuset vart brukt til produksjon av klippfisk for sal også etter og fekk i 1948 installert elektrisk klippfisktørkeri. Pakking av klippfisken var også ein del av verksemda som gjekk føre seg i sjøhuset. Det elektriske klippfisk tørkeriet var i drift fram til midten av 1960-talet.



Foto til venstre: Byggherre Anton Larsen. Slinningsbua kalles også ofte for «Antonbua» eller «Larsenbua».

Foto over:

Slinningsbua i 1920

(Foto «Det norske næringsliv»)

Historiske foto



Foto over: minnesmerket før det vart flytta opp til bustadhuset der det står plassert i dag.

Foto til høgre: Slinningsodden sett frå Ålesund rett etter bybrannen i 1904. Slinningsbua var enno ikkje oppført.





Slinningsbua i 1953.
Biletet viser sjøhuset før tilbygget vart oppført.



Foto: Slinningsbua 1950- talet, med det samanhengande tilbygget i bakkant. Bustadhuset blir vist på knausen bak.

Nye eigare

I 1954 fekk sjøhuset nye eigarar då Per Korn Slinning kjøpte eigedommen frå Anton Larsen. Med selskapet, «Slinningen Fangstredskap», førte han vidare verksemda med fiskemottaket og pakking av sild fram til tidleg på 1970-talet. Silda vart lossa frå båtane og opp på kaien mot nord kvar det gjekk transportband opp til 2. etasje der han vart transportert vidare fram til det låge påbygget. Derifrå gjekk bandet ned til filetmaskinene i 1. etasje. Fileta vart lagde i tønner som vart fylte opp med eddiklake og krydder. Mykje av silda vart også salta rund og ubehandla og lagt direkte i tønner. Dette mottaket gjekk føre seg fram til tidleg på 1970-talet då sildebestanden vart borte og verksemda knytt til fiskemottaket vart dermed nedlagd.

Per Korn Slinning førte vidare klippfisktørkeriet fram til midten av 1960-talet da det vart nedlagt. Hovudsakleg dreiv «Slinningen Fangstredskap» med produksjon og sal av fiskereiskapar, men også montering og reparasjon av garn og liner. Dagens eigar, son av Per Korn Slinning, voks opp på staden. Han fortel følgjande: *«Eg hadde sjølv ei god inntekt under skulegang med stikking av krok og rigging av liner. Det var mange på øya som hadde ekstrainntekter med dette arbeidet.»*

Slinningen Fangstredskap leigde også inn og utstyrte båtar for laksefiske med drivgarn og lakseliner for fiske på Grønland og Færøyane. Fisket ved Grønland var hovudsakleg drivgarnsfiske, medan det vart fiska med liner ved Færøyane. Fangsten vart lossa på Slinningsodden og vidareforedla for sal.

Hovudsakleg vart fangsten eksportert til Danmark gjennom etablerte kontaktar som vart overført frå den tidlegare eigaren Anton Larsen.

På slutten av 50 talet vart det oppført eit nytt bygg og montert eit tankanlegg for diesel, og drivstoffet vart seld til fiskebåtar.

Det fanst også ein brønn og ein større vasstank som forsynte fiskebåtane med ferskt vatn.



Bilete frå 1950-talet som viser Slinningsbua med tilbygget og tanken med diesel frå Norske Shell. Tankanlegget vart demontert i 1989.

Slinningsbua i dag



Verksemda som har vore drive i og ved sjøhuset har skifta karakter i tråd med utviklingstrekk, endringar og modernisering av fiskeria, og den har vore mangesidig og prega av å utnytta moglegheitene som fanst.

Dagens eigar Per Oskar Slinning har også drive verksemda vidare. Heilt opp til nyare tid har det også vore verksemd knytt til kjøp og sal av fiskeutstyr på staden. Han har også drevet med utleige av lagerplass inne og ute for utstyr, båtar og skipsutstyr. I dag er det inga aktiv verksemd utover dette.

Eigar ønskjer å få til ny bruk av sjøhuset, og arbeider med idear og planar for å få til dette.

Det går føre seg eit sikrings- og istandsetjingsarbeid for sjøhuset. Dette arbeidet går føre seg i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune.



Slinningsbua – moglegheitsstudie for ny bruk



I 2018 vart det levert eit bacheloroppgåve i møbel- og romdesign/interiørarkitektur ved fakultetet for kunst, musikk og design, Universitetet i Bergen, av Karoline Skytterholm Gullaksen.

Problemstillinga i bacheloroppgåva var:

«Hvordan kan jeg gjøre Slinningsbua om til et tilgjengelig og attraktivt besøkssted for befolkningen i Ålesund og omegn?»

Ho skriv vidare:

«Slinningsbua skal være et fristed hvor lokalbefolkningen og andre besøkende kan nyte tilværelsen i flotte omgivelser med god mat og drikke. Jeg vil at bygningen skal være i daglig bruk og at det blir en naturlig møteplass, særlig for de lokale på Hessa. Bygningens identitet som fiskebu skal bevares gjennom inkludering av elementer som hører havet til. Hele bygningen skal bygges på samme konsept med havet som inspirasjon. Båt fra Ålesund sentrum og Langevåg skal være hovedfremkomstmiddelet til bua. Tilkomsten med båt vil gjøre Slinningsbua mer tilgjengelig og vil gi de besøkende en naturopplevelse de sent vil glemme.»



Slinningsbua – mulighetsstudie for ny bruk



Slinningsbua – vestveggen



Vestveggen har 13 vindauge og eitt mindre vindauge (75 x 99 cm) på topp / kryp loft.

Det er 6 vindedører, 5 av dei med ei breidde på 100 cm og høgden er 200 cm. 1 dør i 4. etasje har ei breidde på 194 cm.

Fisketørkeriet låg i 4. etasje. Det var tidlegare heis over vindedørene og ned til kaiområdet, men denne er fjerna.

Vindauge og dører på denne veggen er mellombels berre måla på kryssfinerplater.



Foto: Per Oskar Slinning



Foto: Marit Vestvik

Gavlveggen som vender søraust er ferdig utbetra med nytt liggjande panel. Det er sett plater føre vindauga som har påmåla vindusruter.

Slinningsbua – sørveggen

Sørveggen har 1 dør som er hovuddør inn til sjøhuset. Breidda er 100 cm., og høgda er 200 cm.

Dei vindauga som er sette inn her, er eigenproduserte med nøyaktige mål ut frå originale vindaug. Det er berre sett inn dobbel byggplast i rutene.

Det er ikkje sett inn vindaug i 1. etasje, men laga klart for montering når det skal setjast inn med glas. Dette er for å hindre innbrot.

Båe veggane er ferdig vøla og påmonterte ny bordkledning, produsert som kopi av den gamle originale bordkledinga.

På taket er det montert taklyft for å kunne få inn lys i 5. og 6. etasje. Vindauga her skal monterast med sprosser med ei inndeling på 4 mindre vindaug. Det er totalt 8 vindu.



Foto: Per Oskar Slinning

Slinningsbua – austveggen



Austveggen, veggen mot sjøen, har 10 vindauge, 5 mot kvar sidevegg og 1 smalare vindaug på loft og eitt lite vindaug (75 x 99 cm) på kryploftet.

1. etasje har 4 vindedører, der 2 av dørene har ei breidd på 120 cm og ei høgde på 200 cm. Dei er i kvar ende av bygget og 2 vindedører er plassert på midten med ei breidd på 194 cm. Den eine døra er noko heva i forhold til den originale, men det planleggjast å tilbakeføre til den originale høgda.

2., 3., 4. og 5. etasje har 2 vindedører på midten med ei breidd på 194 cm. og ei høgde på 200 cm. Vindedørane hadde heis frå toppen og ned.

6. etasje har 2 dører med ei breidd på 120 cm. Og ei høgde på 200 cm.

I tillegg var det ein svingbar bomheis på den sørlege delen av bua. Denne er demontert og teken vare på for restaurering og montering. Alle heisar er framleis monterte inne i bua og tenkt restaurerte.




Foto: Per Oskar Slinning

Gavlveggen som vender mot aust



KOMPETENT - SAMFUNNSENKASJERT - NYTENKENDE



Slinningsbua – nordveggen

Langveggen som vender mot nord er under utbetring. Fleire originale vindauge står framleis, medan enkelte vindauge er erstatta med dør.



Denne veggen er lik sørveggen og har 1 vindedør med breidde på 110 cm.

Høgda er på 200 cm.

Veggen har mange vindauger med karmmåål på 109 x 149 cm

Nordveggen er etter bildet er tatt, vinteren 2026, ferdig vøla og platekledd, og klar for montering av bordkledning.



Foto: Per Oskar Slinning



Slinningsbua tilstand og istandsetting



Ytterveggane mot sør og vest er sette i stand med ny utvendig kledning, kopi av opphavleg liggjande perlestaffpanel. Berande konstruksjonar er reparerte der det har vore rote. Dette er gjort etter søknad om og innvilga dispensasjon, i dialog med fylkeskommunen og Riksantikvaren. Det er også etablert ny betongsokkel. Den er ikkje ein kopi av den opphavlege sokkelen.

Ytterveggar mot nord og aust er i svært dårleg stand etter påverknad frå vêr og vind over mange år. Delar av kledinga mot nord er sikra med lastestopper festa i den berande konstruksjonen. Det er uvisst korleis tilstanden i denne delen av bygningen er.

Det er montert stillas på delar av austveggen. Det er behov for ein snarleg og grundig tilstandsanalyse før oppstart av vidare arbeid på Slinningsbua.

Dei opphavlege 2-fags vindauga, med 3 ruter i kvart fag, er demonterte og lagra. Plater med påmåla vindauge er mellombels monterte i opningane for vindauge.

Slinningsbua tilstand og istandsetting



Det går føre seg, og har over fleire år gått føre seg, omfattande rehabiliteringsarbeid. I januar 2025 var det eit sterkt behov for stadvis utbetring av konstruksjonen, der det er ope ut gjennom vegg og førekomst av rote.

Vinteren 2026 er det gjort ytterlegare utbetringar, og arbeidet vil halde fram. Arbeidet blir følgt opp av Møre og Romsdal fylkeskommune, og eksteriøret til bygget er venta å bli ferdig istandsett i løpet av 2026.

Der rehabiliteringa er utført, er tilstanden TG 1 ,og god, og dreg opp snittet for den totale tilstandsgraden. På grunn av skadane i konstruksjonen får bygget samla ein TG 2.